

31. oktober er fristen for innspel til Kommuneplanen.

23.10.2019



Samfunnsutviklar Hildegunn Furdal bed alle vera engasjert og senda innspel innan utgangen av oktober månad.

Samfunnsutviklar Hildegunn Furdal bed oss senda innspel til kommuneplanen Kvinnherad 2050 innan 31. oktober. I høyringsfasen har vi høve til å senda merknad. Innspel innan fristen går ut har langt sterkare verknad enn merknad. Det er no ein har høve til å påverka ein plan. Eit 20 tals menneske møtte fram til det opne møte i Gamleskulen i går kveld.

Plan er ikkje enkelt. De er ein omfattande prosess der alt heng saman med alt. Hildegunn Furdal let tilhøyrarane få innsyn i eit arbeid med samfunnsdelen og kartdelen og kva vi må gjera for å kunna gå inn og skriva våre innspel.

Kvinnherad 2050 har eiga heimeside med skjema der ein kan skriva inn sine innspel. Alke må vera merksame på at ein ikkje skal bruka Fonnakart, men eige kart tilpassa arbeidsmetoden. Medverknad med folkemøte, opne møte, gjestebod, spørjegransking og Instragramkonto for ungdomen. Det er til dømes alt kome innspel frå 24 gjestebod, av dei tre frå Uskedalen.



Frammøte kunne vore betre, men det kom fram gode innspel frå dei som kom på møte i Uskedal Utvikling i går.

På møte i Gamleskolen i går vart det lese opp tre innspel:

- Frå Gunn Mari Moberg med 8 ulike tiltak som både går på samfunnsdelen og på kartdelen
- Frå eit av Gjesteboda, som omhandla svar på spørsmål om attraktivitet, eit aldersvenleg samfunn og frå eit sjølvvald tema, klima
- Frå Kirsten Sæle Brunvold om å sikra areal til friluftsområde i strandsona/ badestrand på Eikelandet.

Sigmund Myklebust hadde innlegg om miljø og alternativ bruk av energi i framtida.

Svein Arne Eidsvik synte dronebilete og fortalde om status frå arbeidet med tilrettelegging av Eidsvik Eigedom sitt areal på Børnes.

Av andre tema som var oppe på møte i Uskedal Utvikling, nemner vi:

- Kommunal badestrand i sentrum
- Friområde i Stølavikjo og på Neset
- Gang- og sykkelveg til Steinsletto
- Betre kryss v/ Uskedal bru/ avkøyrsla til Kjærland
- Klatresenter ved Uskedal skule
- Turveg, mellom anna langs elevekanten
- Areal til eldretun med fasilitetar for ei veksande aldersgruppe
- Byggegrensa i strandsona og problematikken med naust og hyttenaust og dispensasjonar
- Børnes Næringsområde der det no vert laga detaljreguleringsplan

Alt til neste år er det von om oppstart av Områdeplan for Uskedalen, Planen vil særleg omfatta sentrum og strandsona.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Det var som alltid mykje fokus på arealbruk i sentrum med badstrand, klatresenter, friområde, jordvern og ei evt. utbygging.